



Her er halve gruppa av dei som er på reise til Oslo for å springa KK mila i morgon. Anette Sund er reiseleiar. Sjøfør: Håkon Mehl frå TIDE.

27 damer frå Uskedalen og nærliggjande bygder er på reise over fjellet for å delta på KK mila i Oslo i morgon. KK mila er det som før var Grete Waitz løpet. No er vekebladet Kvinner og Klær arrangør for gateløpet som samlar mange tusen kvinner frå heile landet. Anette Sund er primus motor og reiseleiar for gruppa.

Med TIDE buss og Håkon Mehl som sjåfør var avgangen frå Grano i 9 tida i dag. Turen går til Oslo med innkvartering på Børs park hotell. Førrebuigane til KK mila er trening og motivasjon. Marianne Kosrvoll har vore rettlar og instruert deltakarane på joggeteknikk, tempotrening og motbakkeløping.

Ragnhild Løland og Catrine Berge Soldal har vore med to gonger før. Alle andre er med for fyrste gong. Start og mål er på Bislett stadion. Den kjende høgdehopparen Steinar Moen står i målområde med champagne til alle løparane. Traseen går langs Akerselva og er innom Grynerløkka. Deltakarane vert delte inn i 5 grupper og ein kan velja om ein vil springa 5 km eller 10 km. Alle set seg individuelle mål med tida. Ragnhild Løland fortel at ho før har brukt mellom 60 til 75 minuttar. No vil ho prøva å koma ned på ei tid mellom 55 og 60 minuttar.

Janne Guddal, Ann Kristin Viken og resten av personalgruppa på frisørsalongen TREND er med på turen og skal springa KK mila. Kari Malmanger frå Rosendal, bur i Indre Sogn, skal springa for kreftsaka. Fleire i damegruppa frå Uskedalen vil støtta henne i det arbeidet ho gjer for born med kreft.

Damegruppa frå Uskedalen har eiga Facebookside. Dei legg vekt på at turen også har eit sosial siktemål med mellom anna samling på byen laurdagskvelden. Gruppa har lova å senda Uskedalen.no bilete frå sjølve løpet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal